



SPAREBANKSTIFTINGA FJALER



Årsmelding 2011

INNHOLD

- 2 Bakgrunn, føremål og eigarskap
- 3 Forvalningsstrategi. Gåver til allmennytige føremål
- 4 Egedelar, resultat, disponering av overskot
- 5 Styrande organ
- 7 Rekneskap med notar
- 13 Revisjonsmelding

Styret si årsmelding for 2011

Bakgrunn

Då Fjaler Sparebank 12.03.2010 valde å slå seg saman med Sparebanken Sogn og Fjordane, fekk vi ein ny bank med endå større slagkraft enn kvar av bankane hadde før. Formelt vart dei to bankane ein bank frå 01.09.2010. Ved samanslåinga vart ein stor del av grunnkapitalen i bankane overført til to stiftingar, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, og Sparebankstiftinga Fjaler.

Føremål

Vedtekten seier dette om føremålet for stiftinga

- *Stiftinga sitt føremål er å forvalte eigenkapitalbevis som stiftinga vart tilført ved skipinga, og å stå for eit langsigtig og stabilt eigarskap i Sparebanken Sogn og Fjordane.*
- *Stiftinga skal i tillegg plassere midlane på ein føremålstenleg og trygg måte ut frå omsynet til trygd, risikospreiing, likviditet og avkasting.*
- *Stiftinga sitt føremål skal vidare vere å gje gåver til allmennyttige føremål. Ved sine disposisjonar skal stiftinga først og fremst ta omsyn til det distriktet som har bygd opp kapitalen til tidlegare Fjaler Sparebank.*
- *Ved si verksemd skal stiftinga støtte Sparebanken Sogn og Fjordane i banken sin vidareføring av sparebanktradisjonar.*
- *Elles kan stiftinga stå for anna verksemd som kan sameinast med nemnde føremål og sparebanklova.*

Eigarskap i Sparebanken Sogn og Fjordane

Det er dei to sparebankstiftingane som står som eigalarar av banken. Ved skipinga vart Sparebankstiftinga Fjaler tilført 1 064 530 eigenkapitalbevis à kr 100, ein grunnkapital på kr 106 453 000. I tillegg vart stiftinga skipa med annan eigenkapital kr 5 000 000 fordelt på 50 000 eigenkapitalbevis, kontantbeløp på kr 17 355 130 og kr 3 000 000 øyremerka gåveutdeling. Sparebankstiftinga Fjaler eig 5,88% av eigenkapitalbevisa i Sparebanken Sogn og Fjordane, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane eig 94,12%. Dei to stiftingane vel 40% av medlemane i sparebanken sitt forstandarskap.

I stiftinga sin eigarstrategi er det slege fast at

- **Sparebankstiftinga Fjaler skal vere ein langsigtig, stabil og aktiv eigar i SSF. Vårt eigarskap skal bygge på at SSF vidarefører sterke lokalbanktradisjonar i Fjaler kommune, samt at banken skal framstå som fylket sin leiande bankaktør.**

- Vi vil oppretthalde eit eigarskap på minimum stiftinga sin grunnkapital (1.064.530 ek-bevis). Utover dette kan ek-bevis i SSF kjøpast og selgast som ledd i stiftinga sin kapitalforvaltning.
- Stiftinga har som føremål å bruke av overskotet til allmennytige gåver. Vi vil med vårt eigarskap aktiv arbeide for at SSF vektlegg god drift, med moderat risiko, og at kort- og langsiktige mål om kursutvikling, ikkje går utover gode og løpende utbytteutbetalingar.
- Stiftinga vil søkje samarbeid med SSF på område som kan underbygge og styrke stiftinga og/eller SSF sin verksemd.
- Vi vil aktivt arbeide for å få posisjonar i SSF sine styrande organ der dette er føremålstenleg for å underbygge våre mål og ambisjonar.

Stiftinga er i dag representert i banken sitt styre, forstandarskap og i banken sin valkomite for forstandarskapet.

Forvaltningsstrategi

Eigedelane i Sparebankstiftinga Fjaler består av

- Eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane (1 114 530 bevis)
- Likvide midlar – bankinnskot på kr 18 926 927

Det skal byggast opp ein likviditet over tid som tilsvarer om lag 3 års drift i stiftinga (til drift og allmennytige gåver). Denne likviditeten skal vere i hovudsak vere plassert i bankinnskot og pengemarknadsfond.

I stiftinga sin kapitalforvaltning heiter det at ein skal vere aktsam med omsyn til investeringar som utgjer ein ikkje akseptabel risiko for medverknad til uetiske handlingar. Styret plasserte ca 5 millionar i aksjar i norske selskap. Desse er henta frå hovudlista over norske selskap på Oslo Børs med mindre vurdert risiko, og var i samsvar med retningslinjene plassert maksimalt 1 million i eit selskap. Det viste seg at børsutviklinga utover våren 2011 vart svært uroleg og negativ, også for selskapet på hovudlista. Styret vedtok difor å selje seg ut av aksjane tidleg på hausten i 2011. Det gav eit realisert tap kr 688 823.

Stiftinga sine likvider er plassert i bank, herav 5 millionar med ei bindingstid på 1 år. Dette gjev litt betre rente enn resten av kontantkapitalen som òg står i bankinnskot.

Gåver til allmennytige føremål

Styret i Sparebankstiftinga Fjaler har som mål at deler av stiftinga sitt overskot skal verte gitt som årlege gåver til allmennytige føremål. Dette skal auke trivselen og utløyse aktivitet og eigeninnsats i nærmiljøet. Stiftinga skal i si verksemd først og fremst prioritere gåver i det distriktet som har bygd opp grunnkapitalen (sparebanken sitt fond) i tidlegare Fjaler Sparebank. Styret legg vekt på god kunngjering og informasjon om gaveprosessen. Styret i stiftinga legg vekt på å vere open og gje stiftinga sine interessentar den informasjon som er nødvendig. Les elles om gaveinstituttet, tildelingane og reglane for å søke på www.ifjaler.no

Stiftinga la i 2011 opp til 2 søknadsrunder for gåver til allmennytige føremål, ei om våren og ei om hausten. Søknadsfrist var 15. mars og 15. september.

Sidan første utdeling frå stiftinga hausten 2010 har stiftinga delt ut kr 2 732 000 – fordelt på 107 tiltak/søkarar, av dette kr 1 725 500 i 2011. Desse midlane har blitt tekne av avsette midlar på kr 3 000 000 til gåveføremål.

Dette utgjer ei stor breidde av tiltak innan kultur, idrett og nærmiljøtiltak. Alt frå driftstøtte til små og store organisasjoner, til støtte til store prosjekt, t.d. idrettsanlegg og forsamlingshus. Stiftinga har følgt opp sparebanktradisjonen med å gje driftsstøtte til dei mange laga i Fjaler/Holmedal som betyr mykje for aktiviteten i sine bygder, men er òg med og støttar dei store prosjekta som skaper trivsel, aktivitet og stor eigensinnsats.

Eigedelar i stiftinga

Samla eigenkapital 31.12.2011 er på kr 128 995 512. Sum eigedelar 31.12.2011 var kr 130 379 927.

Resultat

Renteinntekter, utbytte på aksjar og eigenkapitalbevisa er stiftinga sitt inntektsgrunnlag. Det er utbytte på eigenkapitalbevisa i Sparebanken Sogn og Fjordane for 2010 som blir inntektsførde i 2011. Dette er finansinntekter, og derfor kjem det ordinære driftsresultatet fram med eit underskot på kr 651 852 som utgjer alle driftsutgiftene.

Resultat finans er kr 1 582 295,00 og årsoverskot er kr 930 443.00.

2011 fekk stiftinga utbetalt utbytte på eigenkapitalbevisa på vel 1,5 mill. for 2010. Dette kan bli redusert noko i 2011 etter dei signal vi har fått frå banken. Utbyttet kan bli på vel 1 million, dersom **forstandarskapet** i banken følgjer tilrådinga frå styret. Dette skuldast noko därlegare resultat for banken i 2011.

Disponering av overskot

Sparebankstiftinga Fjaler si generalforsamling vil kvart år fastsette storleiken på midlar til gåveføremål. Følgjande retningslinjer ligg til grunn for disponering av overskot til allmennytige gåver:

- normalt vil årleg tildeling av allmennytige gåver utgjere inntil 60% av overskotet
- det vert prioritert å bygge opp gåvefond som kan nyttast i år med svakare økonomiske resultat

Disponering av overskot 2011:

- | | |
|--|------------|
| - Gåver til allmennytige føremål (60% av overskotet) | kr 558 000 |
| - Avsett til gåvefond (20%) | kr 186 000 |
| - Avsett til annan eigenkapital, driftsreserve | kr 186 443 |

STYRANDE ORGAN I STIFTINGA

Organisering

Etter vedtekten skal stiftinga ha generalforsamling, styre og dagleg leiar.

Generalforsamlinga

Generalforsamlinga er stiftinga sitt høgste organ og vel styret sine medlemer.

Generalforsamlinga vel òg revisor og fastset styret og revisor si godtjersle.

Generalforsamlinga godkjenner òg styret sitt årsoppgjer og fører tilsyn med stiftinga si verksemd.

Desse sit no i generalforsamlinga, valde frå 01.09.10:

Innskytarvalde:

Harry Standal, Dale

Åsa Stav, Dale

Bjørn Hansen, Dale

Terje Salbu, Dale

Per Nedrebø, Straumsnes

Oddrun Yndestad, Guddal

Karen Kvamme, Dale

Atle Strand, Dale

Varamedlemer:

Linda Strand, Dale

Sigbjørn Solheim, Flekke

Ivar Haaland, Dale

Mari Kyrkjebø, Dale

Valde av kommunestyret:

Jonn Helle, Dale, leiar

Terje Halsnes, Dale, nestleiar

Ørjar Eiken, Hellevik

Harald Vik, Guddal

Marita Solheim, Dale

Leikny Dale, Dale

Hallvard Haaland, Flekke

Elsa Brita Bogetevit

Varamedlemer

Anny Mari Holm Solheim

Annbjørg Eikenes, Hellevik

Ainor Fristad, Dale

Gunn Åse Løseth, Dale

Styret

Etter vedtekten skal styret ha 4-5 medlemer og inntil 3 varamedlemer. Styremedlemene og leiar er valde for 2 år om gongen. Halvparten blir valde kvart år, første gongen sit 2 i eitt år ved loddtrekning, men dei kan attveljast. Ved opprettning av stiftinga vart det sitjande styret i Fjaler Sparebank valde i styret, unntake dei tilsette sin representant.

Styret valt frå 06.06.11:

Vegard Strand (2år), leiar
Randi Engen (1 år), Guddal
Ingvard Flekke (2 år), Flekke
Marit Klausen (1 år), Holmedal
Rolf Kleiven (2år), Dale
Vara: Joy Taylor (1 år)

Administrasjon

Edvin Helgheim har vore tilsett som dagleg leiar i 25% stilling sidan 01.11.2010. Stiftinga sin forretningsstad er i Fjaler kommune.

Likestilling

Dagleg leiar er mann. Styret består av 3 menn og 2 kvinner. Det er ikkje planlagt spesielle tiltak for å fremja likestilling då styret ikkje er kjent med at det har vore forskjellsbehandling i strid med lov om likestilling.

Andre tilhøve ved drifta


Styret vil arbeide for at stiftinga har eit godt arbeidsmiljø og eit godt samarbeidsklima med tilsette i Sparebanken Sogn og Fjordane og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

Verksemda forureinar ikkje det ytre miljøet.

Vilkår for vidare drift er lagt til grunn ved utarbeidinga av rekneskapen.

Den framlagde rekneskapen gjev ei korrekt framstilling av stiftinga si økonomiske stilling.

Dale 14.02.2012



Vegard Strand, styreleiar



Randi Engen



Ingvard Flekke



Marit Klausen

Marit Klausen



Rolf Kleiven



Edvin Helgheim
Dagleg leiar

Resultatrekneskap

Sparebankstiftinga Fjaler

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2011	2010
Lønskostnad	6	378 112	80 106
Annan driftskostnad		273 740	43 802
Sum driftskostnader		651 852	123 908
Driftsresultat		-651 852	-123 908
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt	2	564 020	161 829
Anna finansinntekt	2	1 710 892	0
Annan rentekostnad		3 794	0
Annan finanskostnad	5	688 823	0
Resultat av finanspostar		1 582 295	161 829
Resultat før skattekostnad		930 444	37 921
Ordinært resultat		930 444	37 921
Årsoverskot (Årsunderskot)	4	930 444	37 921
Disponering			
Avsett til gaver	4	558 000	3 000 000
Avsett til gavefond	4, 8	186 000	0
Avsett til annan eigenkapital	4	186 444	0
Overføring frå annan eigenkapital		0	2 962 079
Sum disponeringar		930 444	37 921

Balanse

Sparebankstiftinga Fjaler

Eigedelar	Note	2011	2010
Anleggsmiddel			
Finansielle anleggsmiddel			
Eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane	3	106 453 000	106 453 000
Sum finansielle anleggsmiddel		<u>106 453 000</u>	<u>106 453 000</u>
Sum anleggsmiddel		<u>106 453 000</u>	<u>106 453 000</u>
Omløpsmiddel			
Investeringar			
Marknadsbaserte aksjar	5	0	5 016 843
Eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane	3, 5	<u>5 000 000</u>	<u>5 000 000</u>
Sum investeringar		<u>5 000 000</u>	<u>10 016 843</u>
Bankinnskot, kontantar og liknande	2	18 926 927	15 376 700
Sum omløpsmiddel		<u>23 926 927</u>	<u>25 393 543</u>
Sum eigedelar		<u>130 379 927</u>	<u>131 846 543</u>

Balanse


Sparebankstiftinga Fjaler

Eigenkapital og gjeld	Note	2011	2010
Innskoten eigenkapital			
Grunnkapital	4	106 453 000	106 453 000
Sum innskoten eigenkapital		<u>106 453 000</u>	<u>106 453 000</u>
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	4	22 316 512	22 130 068
Gåvefond	8	186 000	0
Sum oppent eigenkapital		<u>22 502 512</u>	<u>22 130 068</u>
Sum eigenkapital	4	<u>128 955 512</u>	<u>128 583 068</u>
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		28 762	9 953
Betalbar skatt	7	0	212 983
Skuldige offentlege avgifter	6	49 601	35 575
Anna kortsiktig gjeld	8	1 346 053	3 004 963
Sum kortsiktig gjeld		<u>1 424 415</u>	<u>3 263 474</u>
Sum gjeld		<u>1 424 415</u>	<u>3 263 474</u>
Sum eigenkapital og gjeld		<u>130 379 927</u>	<u>131 846 543</u>

Dale, 14.02.2012
Styret i Sparebankstiftinga Fjaler




Vegard Strand
Styreleiar




Ingvard Andreas Flekke
styremedlem



Marit Reidun Klausen
styremedlem



Randi Oddny Engen
styremedlem



Rolf Kleiven
styremedlem



Edvin Helgheim
dagleg leiar

NOTAR SPAREBANKSTIFTINGA FJALER 2011

NOTE 1. Rekneskapsprinsipp

Sparebankstiftinga Fjaler vart skipa 01.09.2010 og er lokalisert i Fjaler. Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova, norske rekneskapsstandardar og reglar for små føretak.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av egedelar og gjeld

Egedelar skaffa til varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmiddel. Andre egedelar er klassifiserte som omløpsmiddel. Krav som skal tilbakebetalast innan eitt år er klassifiserte som omløpsmiddel. Anleggsmiddel er vurderte til kostpris, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet ikkje er venta å vere forbigåande. Børsnoterte finansielle anleggsmiddel vert nedskrivne til marknadsverdi uavhengig av om verdifallet er venta å vere forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig. Omløpsmiddel er vurderte til lavaste av kostpris og verkeleg verdi.

Marknadsbaserte finansielle omløpsmiddel

Aksjar, eigenkapitalbevis og andre egedelar som inngår i ein handelsportefølje vert vurderte for heile porteføljen til det lavaste av kostpris eller verkeleg verdi på balansedagen. Motteke utbytte og andre utdelingar frå selskapa vert vurderte som anna finansinntekt. Utbytte vert inntektsført når det vert utbetalt.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel vert balanseførde og avskrivne over driftsmiddelet si levetid.

NOTE 2. Bankinnskot, renteinntekter og utbytte

Renter frå innskot i bank utgjer totalt kr 564.020.- i 2011.

Sum inneståande i bank pr. 31.12.11 utgjer kr 18.926.927.-, herav kr 37.237.- på skattetrekkskonto.

I 2011 er det motteke og inntektsført utbytte kr 1.544.029.- frå Sparebanken Sogn og Fjordane. Det er motteke utbytte på aksjar med kr 166.863.-.

For 2012 er det føreslege utbytte kr 1.030.411.- frå Sparebanken Sogn og Fjordane. Dette utbyttet vert inntektsført i 2012-rekneskapen.

NOTE 3. Eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane

	Eigarandel	Tal eigen- kapitalbevis	Pålydande	Kostpris
Sparebanken Sogn og Fjordane	5,88 %	1.114.530	100	111.453.000

Stiftinga eigde 1.114.530 eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane pr 31.12.11. Desse er vurderte og bokførde til pålydande kurs kr 100.-.

1.064.530 av eigenkapitalbevisa til kurs à kr 100.- utgjer grunnkapitalen i Sparebankstiftinga Fjaler.

NOTAR SPAREBANKSTIFTINGA FJALER 2011

NOTE 4. Eigenkapital

	Grunnkapital	Overkurs-fond	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Pr. 31.12.2010	106 453 000	0	22 130 068	128 583 068
Endringar ført mot EK				0
Pr 01.01.2011	106 453 000	0	22 130 068	128 583 068
Pr. 01.01.2011	106 453 000	0	22 130 068	128 583 068
Årsresultat			930 444	930 444
Avsett til gåver			558 000	558 000
Pr 31.12.2011	106 453 000	0	22 502 512	128 955 512

NOTE 5. Marknadsbaserte aksjar, eigenkapitalbevis

	31.12.2011
Aksjar	0.-
Eigenkapitalbevis	5.000.000.-
Sum finansielle investeringar	5.000.000.-

Plassering i aksjar og eigenkapitalbevis inngår i ein handelsportefølje og vert vurdert for heile porteføljen til det lavaste av kostpris eller marknadsverdi på balansedagen. Netto realisert vinst/tap er ført som annan finanskostnad.

For 2011 er det eit realisert tap på investeringa i aksjar på kr 688.823.-.

NOTE 6. Løn og godtgjersle tilsette, styre og generalforsamling m.m.

Lønskostnader	2011	2010
Løner	339 556	72 429
Arbeidsgjevaravgift	35 993	7 677
Pensjonskostnader	0	0
Andre ytingar	2 563	0
Sum	378 112	80 106

Gjennomsnittleg tal årsverk: 0,25 på årsbasis.

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styre
Løn	182 085	115 880
Pensjonsutgifter	0	0
Anna godtgjersle	0	0

NOTAR SPAREBANKSTIFTINGA FJALER 2011

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2011 utgjer kr 28 075.-.

NOTE 7. Skatt

Sparebankstiftinga reknar seg som ei skattefri stifting i samsvar med skattelova § 2-32. Dette er i samsvar med praksis for tilsvarende stiftingar i Noreg. Skatt av formue og inntekt er difor ikkje avsett som kostnad i rekneskapen for Sparebankstiftinga Fjaler for 2011.

Spørsmålet om skattefritak for Sparebankstiftingar vert rekna som avklara etter at Skatteetaten har handsama og fatta vedtak om dette for tilsvarende stifting.

NOTE 8. Avsett til gåver

I skipingsdokumentet til sparebankstiftinga er det regulert at kontantbeløp som sparebankstiftinga vart tilført ved etableringa kan nyttast til gaveføremål. I samsvar med dette vart kr 3.000.000 av stiftinga sin kapital avsett til gaveføremål. Det står att til utdeling kr 268.000.- av denne avsetninga. Det er av overskotet for 2011 avsett til gaveutdeling kr 558.000.- (60 %), og dette er sett opp under anna kortsiktig gjeld. Det er i tillegg avsett til gavefond for framtida kr 186.000.- (20 %). Dette står som eigenkapital under opptent kapital.

Styret i Sparebankstiftinga Fjaler har i 2011 delt ut gåver til almennyttige føremål med kr 1.725.500.-. Av utdelte gåver er kr 489.500.- ikkje utbetalt pr 31.12.2011.

Anna kortsiktig gjeld utgjer:

Attståande til utdeling av midlar avsett til gaveutdeling ved skiping: kr 268.000.-

Avsett til utdeling av overskot 2011: kr 558.000.-

Ikkje utbetalt av utdelte gåver: kr 489.500.-

Skuldig løn og feriepengar: kr 30.553.-

Sum kr 1.346.053.-

Til styret i Sparebankstiftinga Fjaler

Melding frå revisor

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Sparebankstiftinga Fjaler, som viser eit overskot på kr 930 444. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2011, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisande bilet i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisionsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for stiftinga si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisande bilet. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av stiftinga si interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilet av den finansielle stillinga til Sparebankstiftinga Fjaler per 31. desember 2011, og av resultata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Fråsegn om andre tilhøve

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysingane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram, og framlegget om bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om utdelingar og forvaltning

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", meiner vi at stiftinga er forvalta og utdelingar er utført i samsvar med lov, stiftinga sitt formål og vedtekten for øvrig.

Førde, 14. februar 2012

PricewaterhouseCoopers AS



Jan Flølo

Statsautorisert revisor